



Eklogitt fra Saunes. Foto Per Eide




# Eklogitt

## Sunnmørssteinen

Av Sigvald Gjerde og Jan Magnar Solheim

*Eklogitt er ein av dei sjeldnaste bergartane på jordoverflata. Eklogittar er vakre bergartar som stort sett består av grønt pyroksenmineral, omfasitt, og raud granat. Av tilleggsmineral finn vi gulbrun enstatitt, gråkvit kvarts, kvit zoisitt, blå kyanitt, brunsvart, metallisk glinsande rutil og ein lys glimmer, fengitt, (I. Bryhni '90).*



*Utbredelsen av eklogitt ved Ulsteinsvik og Dinnøya (svart). Biotittgranatgneiser angitt ved prikking. Etter Mysen '72, med revisjon av Bryhni i '90.*

Denne artikkelen vil i det fylgjande mest handle om eklogittane på Ytre-Søre, som vi seier her, men vi vil og ta med nokre forekomstar i Voldaregionen der Sigvald Gjerde i fleire år har brukt stein frå ein forekomst. I høve til Sigvald si lange røynsle med og interesse for stein og mineralar er underteikna sine praktiske erfaringar avgrensa til dei siste eit og eit halvt år, og mykje av dei opplysningane eg har om eklogitt er henta frå Inge Bryhni sin artikkel i Krystallposten,

Volda-Ørsta Geologiforening si medlemsavis. Nr. 2 '90. Dessutan har eg henta mykje frå ein geologisk guide som eg fekk tak i på Universitetet i Bergen. Når det er snakk om eklogitt tenkjer vel dei fleste på den vakre raude og grøne eklogitten som vi kjenner frå Selje, Almanning, Åheim og Tafjord. Alle desse forekomstane er freda og Bryhni peikar på at dei eigentleg er granatpyroksinitar og ikkje eigentlege eklogittar.

Det er difor eit vonbrot for mange som kjem hit til Ytre-Søre og ser at den eklogitten som er her, oftast ser temmeleg kjedeleg ut, men dersom ein ser litt nærare etter vil ein oppdage at variasjonen i utsjånad er svært stor og varierende frå lokalitet til lokalitet. Dersom ein til dømes ser nærare på den «største eklogitten i verden», Bryhni '90, som ligger i og ved Ulsteinsvik, finn ein snart ut at variasjonen er så stor at det er lett å miste oversikta.

Det er denne eklogitten underteikna kjenner best til i og med at eg bur på han. Denne eklogitten er i fylgje Mysen og Heier (1972) ca  $6 \times 4$  km i utstrekning og omlag 300 meter tjukk og har såleis eit volum på minst 4-5 kubikkilometer. Når vi veit at eigenvekta på eklogitt er svært høg, mellom 3,2 og 3,6, skjønner ein at det kanhende er noko i historia som seier at fotballaget til Hødd vann





### *Eklogitt frå Haddal*

svært mange heimekampar då dei spela i 1. divisjon fordi spelarane var meir vande med tyngdekrafta på Høddvoll! Geologane meiner denne eklogitten har vorte danna ved ein temperatur på ca 800°C og ved eit trykk på omlag 18 kilobar, ved ei djupne på ca 60 km under overflata.

Eg har det siste året i samarbeid med Vestlandsgranitt AS på Eide på Nordmøre fått laga mange prøver av denne eklogitten, og det syner seg at einskilde variantar er særst høvelege for sliping og polering. Prøver har vorte sendt både til Japan, Holland og Italia, og i samarbeid med Olivin på Åheim pågår det for tida undersøkingar for å fastslå om ein kan nytte eklogitten til flis- eller fasadestein.

Nå det gjeld bruk av denne eklogitten som smykkestein har eg eksperimentert mykje. I og med at han stort sett er noko mørk har eg funne ut at han tek seg best ut i skiver, veggur o.l., men eg har og funne variantar som til dømes inneheld mykje kvarts og lite pyroksen og som blir fine cabochoner. Eg kan også nemne at på området til eit av verfta i Ulsteinvik har ein teke ut fleire hundre tusen kubikkmeter eklogitt som i hovudsak er blitt nytta til pukk og grus.

Den mest interessante eklogitten her på

øya er utan tvil den store, ca 0,4-1 km<sup>2</sup>, Eiksunddaleklogitten. Denne vart studert av geologen og astronauten Harrison H. Schmitt i åra '58-'63. Han tok ein doktorgrad på denne i '64 ved Harvard universitetet. Diverre er denne avhandlingsa ikkje publisert og det er difor svært vanskeleg å få tak i den.

I tillegg ligg denne eklogitten svært utilgjengeleg og eg kan love dykk at det ikkje er mange kilo med eklogitt som har kome herifra gjennom tida. Eg har sjølv frakta ut omlag 100 kg som eg har nytta til ymse prydgjenstandar. Eklogitten består av hypersten-, biotitt-, kvarts- og hornblendeførande variantar av eklogitt saman med granat-periodotittar og granatpyroksenittar, (Schmitt '64).

Eg vil og nemne ein annan svært fin eklogitt her på øyane, nemleg den som ligg på Gurskøy, ca 13 km fra Ulsteinvik. Dette er ein svært liten forekomst som diverre er blitt mykje øydelagt av samlarar opp gjennom tida. Denne består av granatperiodotitt med store linsar av granatclinopyroksenitt. Han kan sagast i 2-3 mm tynne skiver som slepper lyset gjennom med ein utruleg fin effekt.

For nærare opplysningar og informasjon kan Sigvald Gjerde eller Jan Magnar Solheim kontaktast.